



KOPI

Austrheim Kommune Plan Byggesak Og Miljø  
Sætremarka 2  
5943 Austrheim

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 23/1702 - 23/15434

Sakshandsamar:  
Svein Arne Vågane  
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:  
24.02.2023

## Orientering om vegsøknad og bakkeplanering på gbnr. 165/12 m.fl. i Austrheim

24.02.23 vart søknaden om vegbygging sendt på høyring til Statsforvaltaren i Vestland, Vestland fylkeskommune og Austrheim kommune, kultur. Dei har 3 veker frist for å få svare og så må sakshandsamar ha noko tid på å skrive saka. Tida med det vil avhenge av kva som kjem inn av merknader.

Vil òg peike på at du opplyste om at omfanget på masseuttaket var 30.000 m<sup>3</sup> for ein veg i dette terrenget og ei lengd på 1,17 km. Masseuttaket verkar noko høgt i høve vegen som skal byggjast. Det er berre masseuttak til landbruksvegen som kan godkjennast etter landbruksvegforskrifta. Uttak av stein til andre føremål eller til som skal nyttast andre stader enn på garden kan ikkje godkjennast etter dette regelverket. Gje gjerne tilbakemelding om kor mykje stein du reknar med det er trong for til bygging av denne landbruksvegen.

Uttak av stein over 10 000 m<sup>3</sup> til anna føremål truleg krevja driftskonsesjon frå direktoratet for mineralforvaltning.

<https://www.altinn.no/skjemaoversikt/direktoratet-for-mineralforvaltning-med-bergmesteren-for-svalbard/Driftskonsesjon-for-uttak-av-mineralforekomster-og-naturstein/>

Søknaden om bakkeplanering er under handsaming med Laila Bjørge som sakshandsamar. Vi har i fellesskap drøfta og kome fram til fylgjande i høve «returstein»: Landbruksforvaltninga i kommunen ikkje har mynde til å handsame returstein, dvs stein som skal takast ut frå gardsbruket der planeringa skal finne stad og køyrast til annan stad i kommunen. Avhengig av omfang (tal m<sup>3</sup>) må dette handsamast etter plan- og bygningslova, eventuelt av Direktoratet for Mineralforvaltning. Når det gjeld dette spørsmålet, lyt du kontakte kommunen v/Asbjørn Toft. Dette lyt såleis handsamast som ei eiga sak og ikkje saman med bakkeplaneringssaka.

Dette til orientering.

Med venleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Austrheim Kommune Plan Byggjesak Og  
Miljø

Sætremarka 2

5943

Austrheim

**Mottakarar:**

Odd Haugen

5943

Austrheim

KOPPI